

Når trengsla kjem —

Når trengsla kjem som ei torebya,
og ingenstad eg kan gøyma meg —
Når alle Himlar er overskya,
og døden skyggjer på livsens veg,
Eg kjenner gufs frå hans kalde samn —
då må eg ropa på Jesu namn.

Han er min vaktar i slike tider.
Hans frelsarnamn er mi faste borg.
Der fær eg kraft i dei harde strider.
Der fær eg trøyst i den tyngste sorg.
Der er mitt sikraste tilfluktsrom —
Der sit eg trygg attom lås og bom —.

So fær då trengsla og stormen herja,
og Satan ståka som best han vinn —.
Min store Frelsar han er mi verja,
ein verestad eg hjå honom finn —.
Han gjeng framføre i alle slag,
og fyl meg frutt til min siste dag.

Johannes M. L. Rydland.
